

DANING MOT UNDERDANING

Under open himmel, med kvite snøfjell i syningom, grøne bjørkelier, skrapande høgtalarar, norske flagg og bjørkegreiner på talarstolen, som til og med står på fødestaden til Ivar Aasen, han som oppdaga og utforska einskapen til det norske språket: Med rette kan vi sjå dette som sjølve urbiletet på den norske stemnetalen, som i tiår etter tiår, gjennom eit heilt hundreår, var eit av dei mest verknadsfulle massemedia i norsk offentleg liv.

Fram til elektroniske og digitale former tok over, kan vi kanskje seia at ved sida av trykt skrift var stemnetalen og folketalen det samlande uttrykket for motkulturane og folkedaninga her til lands.

Når eg nemner motkultur og folkedaning i same andedrag, er det med overlegg og god grunn.

Å vera dana er det motsette av å vera under-dana. Daning og underdaning er eit motsetningspar. Det vil seia at ein avgjerande del av folkedaninga er å gjera motstand. I vårt land har den historiske daninga gått føre seg gjennom mange fasar og motstandsformer.

Samspelet mellom ulike former for motstand og folkedaning er dét denne stemnetalen skal handla om.

Frå mi side er det altså ein tale med ein alvorleg grunntone.

Men skulle eg komma i skade for å underhalda nokon, så får de prøva å ta det med godt humør – også når eg nemner namnet Friedrich Engels, parhesten til Karl Marx og medforfattar av *Det kommunistiske manifestet*. Mindre kjent enn *Manifestet* er rapporten Engels skreiv frå ei reise langs norskekysten til Nordkapp i 1890. For å kunna følgja nordisk litteratur på originalspråket hadde Engels lært seg å lesa dansk, og dermed Ibsens norsk. Frå Odda i Hardanger melder han at han ikkje forstår kva folk seier, men at dei er primitive, sunne, kraftige og vakre. Ølet er han derimot ikkje nøgd med, men han vil venta med ein endeleg dom til han har besøkt byane. Derimot gjer han straks ein annan viktig observasjon:

«Den norske bonde var *aldri* livegen, og det gir hele utviklingen, slik som i Kastillia, en helt annen bakgrunn. Den norske småborger er sønn av den frie

bonde, under disse forhold er han en *mann*, i forhold til den forkomne tyske spissborger.»

Og om nokon skulle tru at Engels var mannssjåvinist, så legg han straks til, framleis i omsetting av Harald Berntsen: «Og så står også den kvinnelige norske småborger himmelhøyt over hennes tyske spissborgersøster.»

Dei bønder og bønders børn som Engels møtte i 1890, var forma av ein lang motstandskamp. I reformasjonstida var det denne frie norske bonden som gjorde opprør, ikkje først og fremst mot den danske kongemakta, men mot dei lutherske formene for gudsdyrkning, som verdslege makter hadde innført.

Etter at svartedauen og avfolkinga hadde slite over dei fleste sosiale band, etter at det politiske sjølvstendet var undergrave og til slutt heilt oppheva, kom nå den lutherske biletstormen og reiv ned gudebileta i kyrkjene. Aldri hadde folket stått så på bar bakke. Aldri hadde biletverda deira vore så fattig.

Kyrkjekunstnarane var jaga frå landet, kunstverka deira brende som ved. Folket mista sine gamle førestillingar og trusformer, utan å få nye. I staden levde dei ut sine syndige lyster gjennom overgrep mot dei nye prestane og i utskeingar mellom kyrkjebenkene medan presten preika for døve øyre.

Samtidige kjelder fortel at ingen stader var det farlegare å vera prest enn i det illgjetne Ryfylke prosti. I det heile var det i fjordstrøka på den vestskandinaviske regnkysten, der Friedrich Engels reiste i 1890 – Ryfylke, Hardanger, Sogn og Møre – at motstanden mot den nye tida var sterkest. Så seigliva var motstanden at øvrigheita forstod at noko måtte gjerast, og biletforbodet i kyrkjene opphevast. Nettopp her langs vestkysten, i desse auda, råbarka og gjenstridige landsdelane var det at nokre av hovudverka i den protestantiske barokken blei til. Eg tenker ikkje minst på den majestetiske preikestolen som blei skoren og staffert av biletksjeren Anders Smith i Stavanger domkyrkje i 1660.

Ut over i dansketida går seinare former for organisert motstand mot øvrigheita inn i same mønster som dei andre bondeopprøra på kontinentet. Det gjeld strilekriegen ved Bergen og Lofthusopprøret på Agder, og det gjeld segna om hunarhæren, som er best fortald av den norske folkeminnegranskaren Svale Solheim.

Tidleg på 1800-talet skapte haugianarrørsla heilt andre religiøse og næringspolitiske motstandsformer, i slekt med vekkingsrørsler som

metodistane og kvekarane i England. Haugianarane var bedemenn og -kvinner, dei hadde næringsvit, men heller ikkje dei var underdanige, og daninga dei bygde opp, blei slått hardhendt ned av styresmaktene. Hans Nielsen Hauge sona sjølv ei lang fengselsstraff. Nokre tiår seinare ramma den same lagnaden Marcus Thrane, for å ha organisert ei av dei første arbeidarrørslene i europeisk historie.

Det er i etterkant av desse folkerørslene at Engels og andre turistar langs den skandinaviske regnkysten møter etterkommarane av den frie bonden, som den tidlege industrialiseringa har flytta inn til fabrikkbyane, det vil seia samfunn av handelsfolk, handverkarar, proletarar, ingeniørar og asfalt, kort sagt alt som fører til moderne tider og bylivets intensivering av nervelivet.

Med dette er vi framme ved dei folkerørslene som det siste hundreåret har ytra seg gjennom folkemøte og stemnetalar. Frå haugianismen, slik eg møtte den gjennom bestemor mi, sat mest dogmatisk gudstru og streng livsstil igjen, saman med overtydinga om at Bibelen burde lesast og preikast på det språket han var skriven på, altså stift klokkardansk.

For å finna vitale former for motstand og folkedaning måtte ein gå andre stader. Frå oppveksten kjenner eg arbeidarrørsla, fagforeininga og målrørsla frå innsida. Kvinnefrigjeringa kom seinare og på ein annan måte. Lenge var det også slik at arbeidarrørsle og målsak stod framande for kvarandre. Slik er det ikkje lenger, i dag kan det agiterast og refererast og propaganderast på nynorsk og dialekt også i fagforeiningssamanheng.

Den som voks opp i etterkrigstida, kom frå eit gjennomorganisert samfunn. Idrettslag, songarlag, mannskor, hornmusikk, mållag, Sanitetten. På industristaden min var det først og fremst fagforeininga Norsk Kjemisk, og dermed solidarisk aksjon, som styrte samfunnet. Dét gav styrke og tryggleik. Som fagorganisert var grunnopplevinga ikkje å stå underdanig med lua i handa, aleine mot øvrigheita, slik dei ofte gjer til dømes i diktinga til Alf Prøysen. Under den store omnshusstreiken i 1970 skreiv Oslo-pressa om «De ville menn i Sauda», som var fagorganiserte arbeidarar i det illgjetne Ryfylke prosti. I den vestnorske daningstradisjonen var Einar Gerhardsen ein litt fjern og uforståeleg figur, som likevel blei sett på med ein god del sympati.

Med AP i spissen har arbeidarrørsla fjerna seg som motstandskraft og daningsarena og blitt venstrefløy til den triumferande nyliberalismen.

Partiet sende statlege verksemder på børs, slik at dei blei underlagde dei same økonomiske lovene som styrer tivoli, tombola, kron og mynt, kasta på stikka og poker. Som del av eit overordna politisk program blir sosiale møteplassar – og stemnestader – systematisk brotne ned som infrastruktur for motstand, underdaning til erstatning for folkedaning. Privatisering av økonomien blir til atomisering i samfunnet. Sidan så mange av oss har fått ta del av oljerikdommen, var dette hamskiftet lenge nærmast umerkeleg. Nå merkar mange det. Det er dette Senterpartiet med stort hell har gripe fatt i på det politiske planet. I fabrikkbyen Sauda fekk det gamle Bondepartiet over 50 prosent av stemmene ved kommunevalet i 2019.

Den oljedrivne velstandsbølga har løfta både store skip og små båtar, som den same bølga trugar med å slå inn over og knusa, når oljerikdommen eingong tar slutt, og det bles opp til økonomisk stormvær.

Økonomisk rovdrift skaper stormvær i atmosfæren, som blir stormvær i økonomien, som blir stormvær i politikken, som blir stormvær i språket, og sterke utfordringar for dei som trur på politisk, økonomisk, sosialt og språkleg folkestyre. Men sjølv etter åtte år med høgrevridd sentralisering er det viktig å hugsa at folkestyre – det nokon av oss kallar sosialisme – er meir enn stemmesetlar i valurnene. Framom alt er folkestyret den tette historiske veven av forsamlingsfridom, foreningsliv og medlemsdemokrati som held samfunnet saman, mot ein politikk som blir meir og meir sjølvreferande, og der kontaktflatene med samfunnet blir meir og meir utsyddelege.

På eitt felt er det norske samfunnet eineståande. Det gjeld språksituasjonen, der målrørsla har vunne og stadig held fram med å vinna fram på mange område, medan bokmålet taper. Bokmålet taper kvar dag til engelsk innanfor akademia, reklame og forretningsliv, taper til nynorsk og dialekt i digitale medium og i populærmusikken. Nå sist også innanfor nyheitsjournalistikken, der dialektbruken vinn fram. Og som de sikkert veit, er dialektane det nynorske standardtalemålet.

I Aasentunet står vi i det fremste arkitektoniske uttrykket for at språkleg motstand fører til daning og ikkje underdaning. De har sikkert lytta til talen med kritisk motstand og dermed på dana vis.

Eg sluttar der.

Den som talar for lenge, kjem alltid til kort.